

Ullensvang herad

Sakspapir

SAKSGANG

Styre, utval, del. vedtaksmynde.	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	13.03.2017	23/2017
Heradsstyret	13.03.2017	20/2017

Saksansv .: Steigedal, Magnus	Arkiv: N - 009 Objekt:	J.post id. 17/2444	Arkivsaknr 16/1482 - 4
-------------------------------	---------------------------	-----------------------	---------------------------

Førebuande fellesnemnd - oppfølging av vedtak om å etablere ein ny kommune frå 01.01.2020

Endeleg vedtak i:

Heradsstyret

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

Kommunelova, inndelingslova, intensjonsavtalen mellom Jondal, Odda og Ullensvang.

Saksutgreiing:

Denne saka er ei oppfølging av kommunestyrevedtak der Jondal, Odda og Ullensvang gjorde likelydande vedtak om å søkja om å få etablere ein ny kommune med iverksetjingsdato 01.01.2020. Til grunn for den nye kommunen ligg intensjonsavtalen mellom dei tre kommunane.

Etter at Stortinget våren 2017 har gjort vedtak om samanslåing, skal Fylkesmannen kalla inn til felles kommunestyremøte der det mellom anna skal opprettast ei fellesnemnd i samsvar med Inndelingslova § 25 a-e og § 26.

I denne saka vert det teke til orde for å etablere ei «førebuande fellesnemnd» som startar arbeidet med å førebu samanslåing og koordinerer samarbeidet mellom kommunane fram til formell Fellesnemnd er oppnemnd etter vedtak i regjeringa gjennom kongeleg resolusjon.

Viser til heradstyremøte 19.september 2016 der heradsstyre gjorde følgjande vedtak i sak 82/2016:

Ullensvang heradstyre vedtek å byggja ein ny Ullensvang kommune saman med Jondal og Odda kommunar med basis i underskriven intensjonsjonavtale og med verknad frå 01.01.2020.

Fellesnemnd:

Etter at Stortinget har gjort vedtak om kommunesamanslåing før sommaren 2017, skal

Fylkesmannen kalla inn til eit felles kommunestyremøte. Kommunane skal i felles kommunestyremøte drøfta punkta i inndelingslova §25 a-e, i tillegg til eventuelle andre viktige tilhøve for kommunane.

I fellesmøtet skal følgjande saker drøftast:

- Forslag til namn på den nye kommunen eller det nye fylket
- Talet på medlemmar i det nye kommunestyret eller fylkestinget
- Kriterier for samansetjing av og funksjonar til fellesnemnd etter §26 i denne lova
- Val av revisor for verksemda i fellesnemnda
- Oppretting av eventuelle andre fellesorgan for å sikra gjennomføring av samanslåinga
- I samband med samanslåing frå 1. januar 2020 gjennomfører kommunane ordinært kommunestyreval til den nye kommunen hausten 2019.

«Førebuande fellesnemnd»

Fellesnemnd kan ikkje opprettast formelt før etter at Stortinget har gjort vedtak om kommunesamanslåing og Fylkesmannen har kalla inn til felles kommunestyremøte. Det er difor behov for å oppretta eit felles politisk utval som kan setja i gong arbeid knytt til etablering av ein ny felles kommune, som til dømes kartleggings- og utgreiingsoppgåver. Det er eit stort og omfattande arbeid som må gjerast ved etablering av ein ny kommune, både i forhold til eksisterande kommunar og i forhold til etablering av den nye kommunen.

For å sikra kontinuitet og framdrift, vil det vera tenleg å oppretta ei «førebuande fellesnemnd» med politiske representantar som og kan veljast som representantar til den formelle fellesnemnda. Førebuande fellesnemnd skal på same måte som den formelle fellesnemnda veljast av og blant medlemmene i heradsstyret, jfr. Inndelingslova §26 om val av medlemmar til fellesnemnd.

Førebuande fellesnemnd vil ikkje få formelle fullmakter til å ta avgjerd, men kommunestyra kan gje nemnda mandat til å førebu samanslåing og koordinera samarbeidet mellom kommunane fram til fellesnemnda formelt vert oppretta etter stortingsbehandlninga. Den førebuande nemnda kan vera lik fellesnemnda etter kongeleg resolusjon. Dette må det gjerast nytt vedtak om i dei 3 kommunane; Jondal, Odda og Ullensvang.

Kommunestyra i dei tre kommunane kan gi dei same fullmaktene til ei førebels fellesnemnd som Inndelingslova gir den endelege fellesnemnda. Dette inneber at fellesnemnda kan drive sitt arbeid uavhengig om fullmaktene kjem frå kommunestyra direkte eller gjennom forankringa i Inndelingslova.

Kommunestyra bør gi den førebuande fellesnemnda dei same fullmaktene og arbeidsoppgåvene som er omtala i Inndelingslova § 26. Vidare bør kommunestyra vurderer kva andre fullmakter og oppgåver ein ønskjer å delegere gjennom eit eige reglement. (Inndelingslova § 26 4. ledd: «Andre arbeidsoppgåver og fullmakter for nemnda blir fastsette i reglement som må vedtakast i alle kommunestyra eller fylkestinga.»)

Val til førebuande fellesnemnd følgjer reglande i kommunelova. Rådmannen viser her spesielt til § 35 4. ledd i lova:

«Kommunelova § 35. Avstemninger.

4. Valg av medlemmer av nemnder holdes som forholdsvalg når minst ett medlem krever det, og ellers som avtalevalg.»

Framlegg til mandat for fellesnemnd:

- Fellesnemnda skal tilsetja prosjektkoordinator/prosjektleder for samanslåingsprosessen og avklara mynde.
- Fellesnemnda skal handsama prosjektleder si innstilling til organisering og tilsetjingar til den øvste administrative leiinga frå og med 1. januar 2020.
- Fellesnemnda skal sjå til at lov og avtaleverk om tilsette og tillitsvalde sin medverknad vert ivaretekne i samanslåingsprosessen.
- Arbeidsgjevar sine representantar i partssamansett utval for samanslåingsprosessen, er heile eller deler av medlemene i fellesnemnda.
- Fellesnemnda tek stilling til revisjonsordning for den nye kommunen etter innstilling frå kontrollutvala i dei tre kommunane.
- Fellesnemnda skal etterspørja og avklara alle prinsipielle tilhøve som gjeld samanslåingsprosessen.
- Kommunane har i perioden fram til 1. januar 2020 ansvar for si ordinære drift, men spørsmål som kan ha konsekvensar for den nye kommunen bør først drøftast i fellesnemnda.
- Saker som er til handsaming i kommunane sine ordinære utval og som fellesnemnda meiner kan ha konsekvensar for samanslåingsprosessen, har fellesnemnda høve til å uttala seg i.
- Fellesnemnda har eit spesielt ansvar for å vurdere saker med økonomiske konsekvensar og for å førebu budsjett for 2020 og økonomiplan 2020-2023. Det nye formannskapet skal gje budsjettinnstilling til det nye kommunestyret.
- Fellesnemnda har som mål å oppnå konsensus i alle vedtak. Ved usemje skal fellesnemnda vurdere om spørsmålet kan utsetjast til etter at nytt kommunestyre er konstituert. Spørsmål som ikkje kan utsetjast vert avgjort med vanleg fleirtal.
- Fellesnemnda skal vedta eit budsjett for bruk av eingongstilskotet på 30 millionar fram til 01.01.2020.
- Kommunane skal i fellesskap leggja til rette for god dialog med innbyggjarar, næringsliv, lag- og organisasjonar om kva samanslåinga har å seia for dei. Fellesnemnda har ansvaret for dette.
- Prosessen for tilsetjing av prosjektleder, ny rådmann og øvste administrative leiing, skal handsamast av partssamansett utval. Tillitsvalde skal inkluderast på ein god måte.
- Utvalet skal handsama saker som gjeld tilhøvet mellom den nye kommunen som arbeidsgjevar og dei tilsette.
- Utvalet skal uttala seg i saker som gjeld overordna personalpolitiske spørsmål, retningslinjer og planar i samband med kommunesamanslåinga.

Økonomiske konsekvensar:

Økonomisk godtgjersle for møta.

Samandrag/ konklusjon:

Arbeidet med å skapa den nye kommunen er i startfasen. Å oppretta ei førebuande nemnd kan gi ytterlegare fart til dette viktige arbeidet. Rådmannen rår til at heradsstyret fattar vedtak i tråd med saksframstillinga.

Rådmannen sitt framlegg:

1. Ullensvang heradsstyre vedtek at det vert oppretta ei førebels fellesnemnd i samband med samanslåing av Odda, Jondal og Ullensvang til nye Ullensvang kommune.

2. Førebuaende fellesnemnd skal, utifrå framlegget til mandat (for fellesnemnda), slik det går fram av saksframstillinga:
 - Sikra politisk koordinering i dei tre kommunane fram til fellesnemnda er operativ.
 - Sikra politisk koordinering av saker som gjeld kommunesamanslåinga, kommunale tenester, organisering og struktur
 - Arbeida med relevante saker som har tyding for prosessen for å skapa den nye kommunen.

3. Nemnda skal ha fylgjande samansetting, alle valde frå dei respektive herads-/kommunestyra::
 - 4 representantar frå Jondal
 - 6 representantar frå Ullensvang
 - 9 representantar frå Odda

4. Ullensvang heradsstyre vel følgjande representantar frå Ullensvang heradstyre i førebuaende fellesnemnd:

1.	
2.	
3.	
4.	
5.	
6.	

Vara i rekke:

1.	
2.	
3.	
4.	
5.	
6.	

5. Mandat for fellesnemnda vert vedteke når den formelt vert skipa.

6. Rådmennene i kommunane er sekretariat i førebuaende fellesnemnd.

13.03.2017 Formannskapet

Det vart sett fram krav om forholdstalval.

Liste A frå Senterpartiet, Sosialistisk Venstreparti, Kristeleg folkeparti og Arbeiderpartiet:

1. Solfrid Borge
2. Kåre Grønsnes
3. Olav Hus
4. Ingvild Hauso
5. Amund Velure

6. Gunnhild Jaastad
7. Håkon Kvammen
8. Inger Marie Himle
9. Jørund Kvestad
10. Isak Reisæter
11. Siv Hamstad Haukelisæter
12. Hildegunn Espe

Liste B frå Høgre og Venstre:

1. Terje Bleie
2. Eli J. Hope
3. Petter S. Ulriksen
4. Bodil Nakkerud
5. Geir Midtun
6. Eli Lillevik
7. Knut Børve
8. Marianne Kvestad
9. Daniel Nå
10. Bodil Moss
11. Jarle Kråkevik
12. Inger Johanne Troland Aga

Røysting:

Liste A fekk 7 røyster

Liste B fekk 2 røyster

Mandatfordeling:

På grunnlag av avgitte røyster vart mandatfordelinga slik etter fylgjande mandatutrekning (jf. kommunelova §37, nr. 1)

		Divisjon med:					
Gruppering	Røyster	1	2	3	4	5	6
SP/AP/SV/KRF	7	7	3,5	2,33	1,75	1,4	1,16
H/V	2	2	1	0,66	0,5	0,4	0,33
Sum røyster	9						

Etter dette vert dei 6 plassane i førebuande fellesnemnd tilrådd å fordela slik:

Liste A (SP/AP/SV/KRF) 5 representantar

Liste B (H/V) 1 representant

fsk- 23/2017 Vedtak:

Tilråding:

Representantar frå Ullensvang heradstyre i førebuande fellesnemnd:

Representantar:

- 1 Solfrid Borge (SP)
- 2 Kåre Grønsnes (SV)
- 3 Olav Hus (SP)
- 4 Ingvild Hauso (SP)
- 5 Amund Velure (AP)

- 6 Terje Bleie (H)

Vara i rekke:

- 1 Gunnhild Jaastad (SP)
- 2 Håkon Kvammen (KRF)
- 3 Inger Marie Himle (SV)
- 4 Jørund Kvestad (SP)
- 5 Isak Reisæter (SP)
- 6 Siv Haukelidsæter (SV)
- 7 Hildegunn Espe (SP)

- 1 Eli J. Hope (H)
- 2 Petter S. Ulriksen (V)
- 3 Bodil Nakkerud (V)

13.03.2017 Heradsstyret

Det vart halde gruppemøte for røysting.

Etter gruppemøte vart liste A frå Senterpartiet, Sosialistisk Venstreparti, Kristeleg folkeparti og Arbeiderpartiet endra slik:

1. Solfrid Borge
2. Kåre Grønsnes
3. Olav Hus
4. Hildegunn Espe
5. Amund Velure
6. Ingvild Hauso
7. Håkon Kvammen
8. Inger Marie Himle
9. Jørund Kvestad
10. Isak Reisæter
11. Siv Hamstad Haukelisæter
12. Gunnhild Jaastad

Røysting:

Liste A fekk 16 røyster

Liste B frå formannskapet fekk 5 røyster

Mandatfordeling:

På grunnlag av avgitte røyster vart mandatfordelinga slik etter fylgjande mandatutrekning (jf. kommunelova §37, nr. 1)

		Divisjon med:					
Gruppering	Røyster	1	2	3	4	5	6
SP/AP/SV/KRF	16	16	8	5,33	4	3,2	2,66
H/V	5	5	2,5	1,66	1,25	1	0,83
Sum røyster	21						

Etter dette vert dei 6 plassane i førebuande fellesnemnd fordelt slik:

Liste A (SP/AP/SV/KRF) 5 representantar

Liste B (H/V) 1 representant

HST- 20/2017 Vedtak:

Ullensvang heradsstyre vel følgjande representantar frå Ullensvang heradstyre i førebuande fellesnemnd:

Representantar:

- 1** Solfrid Borge (SP)
- 2** Kåre Grønsnes (SV)
- 3** Olav Hus (SP)
- 4** Hildegunn Espe (SP)
- 5** Amund Velure (AP)

- 6** Terje Bleie(H)

Vara i rekke:

- 1** Ingvild Hauso (SP)
- 2** Håkon Kvammen (KRF)
- 3** Inger Marie Himle (SV)
- 4** Jørund Kvestad (SP)
- 5** Isak Reisæter (SP)
- 6** Siv Haukelidsæter (SV)
- 7** Gunnhild Jaastad (SP)

- 1** Eli J. Hope (H)
- 2** Petter S. Ulriksen (V)
- 3** Bodil Nakkerud (V)